



Ole Tundal Bakkebø
Skanselien 33
5031 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2345 - 18/13581

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
26.04.2018

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 58/9

Byggjestad: Gbnr: 58/9
Tiltakshavar: Ole Bakkebø

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.03.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kommunen ber om informasjon om tiltaket er i samsvar med arealføremål i plan (spreidd næring) eller om det også søkast om dispensasjon frå arealføremålet. Tiltaket krev dispensasjon frå plan- og bygningslova §1-8.
2. Kommunen oppmodar til at søknad om dispensasjon vert supplert med utfyllande grunngjeving for dispensasjonssøknaden.
3. Det bør sendast inn revidert situasjonsplan som tydeleg viser kva tiltaket gjeld og omfanget av tiltaket. Saka skal sendast til uttale frå anna mynde og det bør gå klarare fram kva tiltak det søkast om dispensasjon for i denne saka.
4. Kommunen forstår søknaden slik at det er tiltakshavar som søker om tiltaket sjølv. Vi ber om attendemelding om dette ikkje er rett.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan 31.05.18. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ole Tundal Bakkebø

Skanselien 33

5031

BERGEN